



Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/10064-1

Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar for valperioden 2015 - 2019

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Fylkestinget skal i det konstituerande møtet velje fylkesordførar og fylkesvaraordførar for den nye valperioden, jf. kommunelova § 17 nr. 2. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal fungere frå det tidspunktet dei er valde.

Fylkestinget skal velje fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren blant fylkesutvalet sine faste medlemer, jf. kommunelova § 9 nr. 1. Valet gjeld for heile valperioden.

Valet skjer etter reglane i kommunelova § 35 nr. 3 og nr. 5, § 38 og § 40 nr. 2. Føresegne lyd slik:

- § 35 nr. 3:

«Valg av leder og nestleder for folkevalgte organer holdes som flertallsvalg.»

- § 35 nr. 5:

«Ved valg og ansettelse kan hvert enkelt medlem krevje skriftlig avstemning.»

- § 38 Flertallsvalg. Ansetteler.

«Ved flertallsvalg og ansetteler er den valgt eller ansatt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmer. Hvis ingen får slike flertall, holdes ny avstemning. Ved denne er den valgt eller ansatt som får flest stemmer. Ved stemmelikhet avgjøres ansettelse av møtelederen, mens valg avgjøres ved loddtrekning.»

- § 40, nr 2

«Medlem som er til stede i et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgje stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt.»

Eventuelle blanke røyster skal også reknast med når ein skal avgjere om fleirtalskravet i § 38 er oppfylt. Det er høve til å halde uforpliktande prøverøystingar.